

## **Samarbeidsutvalet referat, Hordabø skule 20.03.2014**

*Desse møtte:*

*Mia Vågenes Solheim, elevrepr.*

*Benjamin G. Barstad, elevrepr.*

*Oliver Rikstad, elevrepr.*

*Arve Haugland, leiar FAU*

*Gro Håland, FAU*

*Vidar Kvalheim, foreldrerepr. SFO*

*Elisabeth Sigaard, lærar*

*Johannes Mangersnes, lærar*

*Maria Marøy, leiar SFO*

*Anne-Berit Bø Palmesen, Radøy kommune*

*Hanne-Mari Engen, rektor*

Rektor informerte om samarbeidsutvalet (SU)sine oppgåver. Utviklingsplanen vår er under revisjon.

Val av leiar: Gro Håland

Val av nestleiar: Johannes Mangersnes

Rektor er skrivar.

### **Juleverkstad**

Dei foreldra i 5.-7. som skulle hjelpe til på juleverkstad fekk ikkje god nok info om tider osb. jula 2013.

### **Trafikksikringsplan**

Frist ca. 10. april. Arve meiner at me bør gi ei uttale frå SU. Gro meiner det manglar veglys ned Kvernebrekka. Rektor får tak i denne planen og sender ut til medlemmane i SU. Gro meiner og bilane køyrer for fort nedanfor skulen. Alle i SU som får planen må gje tilbakemelding på e-post Gro ([gro.haland@radoy.kommune.no](mailto:gro.haland@radoy.kommune.no)) innan mandag 7. april. Leiar og nestleiar samanfattar tilbakemeldinga og sender uttale til rådhuset. Kanskje Jane kan sjå på planen med elevrådet?

### **Lesing**

Det viktigaste satsingsområdet for skulen no og framover er lesing. Me treng mykje støtte og oppfølging frå dei føresette.

## **SFO**

Det vert litt lågare vaksentetthet på SFO framover grunna den økonomiske situasjonen i kommunen.

### **Leksehjelp**

Regjeringa har varsla at dei ønskjer skulane kan velja friare kva steg som skal ha leksehjelp. I dag er det berre 1.-4. klasse som har dette tilbodet. Difor er det mogeleg at tilbodet vert gitt på andre trinn frå hausten av. Arve og Gro meiner at elevane i 5.-7. kl. kan velja sjølv no i vår om dei er interesserte i å ha leksehjelp etter skuletid, og at ikkje berre foreldra skal bestemma. Alle tre elevane i SU meiner at elevane skal få vera med å bestemma om dei skal ha leksehjelp. Gro meiner me kan senda ut eit skriv der me får tilbakemelding på kva trinn det er mest interesse for leksehjelp.

### **Ønskje frå lærarane**

Personalet har eit ønskje om at FAU kan arrangera ein kurskveld kvar haust for foreldra, der t.d. oppfølging av lesing (t.d. v. Lill Presttun) eller data/spel-bruk i heimen er tema. Kan FAU gjera dette?

Hadde vore kjekt om foreldra kunne arrangera temakveldar for elevane, med litt andre tilbod enn dei som finst lokalt. Me tenkjer karneval, matlagning, legokveldar eller forming til dømes.

### **Jubileum Radøy 50 år**

Nokon som veit om biletet 5.-7. kl. kan nyttta til markeringa? Arve Haugland har biletet seier han.

### **Dam på uteplass**

Forslag frå SU om at teknisk må hyra inn profesjonelle til å blåsa opp sluket.

Referent :

Hanne-Mari Engen,

rektor